

NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	26.05.2026
Vår referanse	2026/27619-6
Dykkar referanse	822863ad-64cb-4510-bc8b-45b72fce988f
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsfråsegn til søknad om forlengd byggefrist for overføring av Blådalsvatnet til Juklavatnet, NVE-ref.: 200704246

Samandrag av innspel

Vi viser til at Hordaland fylkeskommune i 2008 tilrådde at Statkraft fekk løyve til tiltaket, med vilkår om at undersøkingsplikta etter kulturminnelova § 9 må oppfyllest før iverksetting.

Vi har ikkje kjennskap til ny kunnskap knytt til vassmiljø sidan vedtaket om utsetting i 2017.

Innleiing og bakgrunn

Vestland fylkeskommune viser til høyringsbrev frå NVE, datert 14.04.2026, med frist 26.05.2026. Saka gjeld søknad frå Statkraft Energi AS om forlenging av byggefrist for overføring av Blådalsvatnet til Juklavatnet i Kvinnherad kommune.

Statkraft fekk konsesjon til tiltaket ved kongeleg resolusjon i 2012. Prosjektet vart ikkje realisert innan fristen, og byggefristen vart forlenga i 2017 til 30.03.2022. Statkraft søkjer no om ei ytterlegare forlenging til 30.03.2030, mellom anna for å avklare utfallet av konsesjonssøknaden for Mauranger 2-prosjektet.

Faglege vurderingar

Kulturminne og kulturmiljø

Seksjon for kulturarv viser til Fylkesutvalet i dåverande Hordaland fylkeskommune sitt vedtak i møte 14.02.2008 (vår ref. 2005/1161-20).

«Fylkesutvalet handsama i møte 14.02.08 sak 30/08 og gjorde følgjande vedtak om fråsegn:

1. Fylkesutvalet rår til at Statkraft får løyve til overføring av Blådalsvatnet til Juklavatnet med omsøkte bekkeinntak.
2. Undersøkingsplikta, jf. § 9 i Kulturminnelova må oppfyllest i god tid før iverksetting av tiltak i marka.»

Vassmiljø

Me har ikkje kjennskap til at det har kome til ny kunnskap knytt til vassmiljø sidan førre vedtak om utsetting i 2017. Om Statsforvaltaren vurderer kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldsloven §8 til å vere tilstrekkeleg, har vi ikkje avgjerande vassmiljøfaglege innspel til saka.

Kontaktpersonar for fagområda

- Automatisk freda kulturminne - Lars Øyvind Birkenes
- Vassmiljø - Finn Olav Myhren

Med helsing

Sølve Dag Sondbø
seksjonsleiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjøflot
seniorrådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

KVINNHERAD KOMMUNE

Rosendalsvegen 10

5470

ROSENDAL

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER